

## FURUSKOGEN I VEST

*Du må til Skottland for å finna liknande furuskog som den på Bømlo. Nærleiken til havet er på ulik vis med på å forma ein av dei vestlegaste furuskogane i Noreg.*

Austsida av vegstrekninga mellom Kuleseid og Langevåg er eit stort, nesten samanhengande område med furuskog i eit terreng som spenner frå vindutsatte høgdedrag til lune, små dalar. Skogen står spreidd og er vanskeleg å koma fram til med skogsveggar. Derfor er han lite påverka av moderne skogbruk. Namnet Sagvatnet tyder på tømmerdrift i eldre tid. Mykje talar for at skogen kan ha vore uthogd for vel hundre år sidan.

Den gamle kjerrevegen frå garden ved Berge går gjennom gamle enger i eit idyllisk kulturlandskap, som no er i ferd med å gro til med hassel og einer. Frå det opne kulturlandskapet fører ein godt opparbeidd stig inn i furuskogen langs Bergesvatnet. På den næringsrike jorda er trea grovaksne, med høge, rette stammer. Kristtorn er vanleg, og bergflette klatrar både i trestammer og bergveggar. Desse vintergrøne artane trivst godt i eit klima med lite frost. Nokre vintergrøne bregnar er òg å finna, til dømes den vanlege bjønnkammen og meir sjeldne artar, som falkbregne og blankburkne.

Mellom Bergesvatnet og Tjongspollen ligg Skogafjellet. Etter namnet å dømme kan det ha vore meir skog her enn elles i distriktet. På toppen av fjellet er furuskogen heilt annleis enn nede ved Bergesvatnet. Trea er forma av sterke påkjenningar frå vør og vind. Dei har ofte korte stammer og lange greiner, som gir ein vid og heller flat kronefasjon. Her er stor lokal variasjon på trea som står på kollar, samanlikna med dei som står nede i dalsøkk. Når terrenget blir høgare, blir trea lågare. Slik kjem trekronene gjerne i nokolunde same høgd. I dette samanhengande, flate kronedekket får ikkje vinden skikkeleg tak. Furuskogen står dermed godt rusta både mot kuling og storm. Rotvelter etter kraftig vind er sjeldne å sjå.




Purpurlyng mellom furustammer, eit særstyn i vestlandsskogen. (Jan Rabben)



*Eng:*  
brudespore  
hjartegass  
kamgras  
marinøkkel  
nattfiol  
smångkall  
solblom  
stortviblad

*Furuskog:*  
blodstorkenebb  
kusymre  
lundgronaks  
sanikel  
skogbingel  
skogfredlaus  
småtviblad  
taggbregne  
vårmarihand

På toppen av Skogafjellet får ikkje jorda tilført forvitningsmateriale, og det samlar seg opp mykje humus, som forsurar jorda. Det er lyngen som dominerer på bakken. Særleg på tørre stader er det mykje purpurlyng, ein art som er vanlegare i lynghei enn i skog. Berre i dei mest havnære furuskogane er det mykje purpurlyng i skogvegetasjonen (①115).



## EIT SÆREIGE FJELL

*Både av utsjånad og opphav liknar BERGESFJELLET Hårteigen på Hardangervidda, sjølv om Hårteigen er litt større. Ved Berge har naturen gløymt att eit stykke av gabbroen som ein gong dekte heile dette området. Gabbroen høyrde ein gong til det gamle havbotnfjellet som Bømlo er bygd opp på. Under fjellkjedefaldinga vart gabbroen skuva over ein yngre kalkstein og fyllitt.*

*Sommaren 1882 fann pionergeologen Hans Reusch fossil i kalksteinen, mellom anna av dei skjelliknande brakiopodane som levde i eit grunt hav for nærare 450 millionar år sidan. Det er utruleg at desse fossila er bevarte, ettersom kalksteinen vart utsett for stort trykk då gabbroen skei over. Sidan gabbroen vart skuva over kalksteinen etter at fossila vart avsette, må rørslene ha skjedd seinare enn for 450 millionar år sidan. (Svein Nord)*



*Teikning av Bergesfjellet frå aust av Hans Reusch. Like over foten av fjellet går det eit markert skilje mellom kalkstein og fyllitt (under) og hard og massiv gabbro (over). Det er den harde gabbroen som har stått imot erosjonen og danner fjellet.*